LINDÅS KOMMUNE
Landbruksavdelinga

Simen Hodnekvam Natås
Krossleitet 2 B
5955 LINDÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Kjartan Nyhammer | 09.07.2019 |
| Vår: 19/1819 - 19/21839 | kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no | |

# Konsesjon for kjøp av gbnr 117/59 Rosnes

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Vedtak**

**Lindås kommune gjev Simen Hodnekvam Natås konsesjon for kjøp av gbnr 117/59 Rosnes. Vedtaket har heimel i § 1 i konsesjonslova. Grunngjevinga framgår av saksutgreiinga.**

**Mynde :** Saka vert handsama av Landbrukssjefen etter delegert mynde frå Rådmannen.

**Lovverket** : Saka skal handsamast etter konsesjonslova § 1 då eigedomen er større enn 2000 m2 og ubebygd jfr konsesjonslova § 4 pkt.1.

**Saksutgreiing**

**Saka gjeld :**

Simen Hodnekvam Natås har kjøpt eigedomane gbnr 117/ 22 og 117/59. Eigedomane har ca 100 meter felles grense. Gbnr 117/59 er ubebygd og ca 4300 m2. Dermed er eigedomen konsesjonspliktig jfr konsesjonslova § 4 pkt.1.

**Vurdering :**

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova§ 1 og rundskriv M -3 /2017 Konsesjon, priskontroll og boplikt. Rundskriv M-3 /2017 pkt. 5.1 viser til; «Konsesjonsloven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforholds om er mest gagnlige for samfunnet».

Ein finn at ingen av dei interesser som konsesjonsloven skal ivareta vert råka ved å gje søkjar konsesjon for kjøp av gbnr 117/59 Rosnes.

**Konklusjon :**

Søkjar får konsesjon for kjøp av gbnr 117/59 Rosnes.

**Gebyr :**

Det vert sendt faktura med sakshandsamingsgebyr på kr 5000,- til søkjar jfr Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2019.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*
*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*
*Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.*

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Simen Hodnekvam Natås | Krossleitet 2 B | 5955 | LINDÅS |